



Karen Løvfall Våge skal ha innlegg om turisme på møtet onsdag.

**Uskedal utvikling har sitt siste opne møte før sommaren på onsdag kl. 19 i Gamleskulen med innlegg av Karen Løvfall Våge og Bjørn Olav Tveit. Tema er turisme, festival og profilering. Karen Løvfall Våge vil snakka om: Turisme i Uskedalen og Kvinnherad. Naturen – vår største ressurs. Innlegget til Bjørn Olav Tveit handlar om Festidalen 2016 – ein sentral festival med ein klar profil.**

Møte er ope for alle. Uskedal utvikling oppmodar alle med interesse for turisme og naturbasert reiseliv om å møta fram. Det same gjeld viktig informasjon om Festidalen i 2016, forvetningar og praktisk gjennomføring.

Målgruppa for begge innlegga er alle som driv næring og fritidsaktivitetar i høve til Uskedalen som ei sentral bygd for turisme, tilreisande og festivalgjester.

Vel møtt onsdag kl. 19

Styret

Nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen